

St.prp. nr. 6

(2002–2003)

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om deltaking for EØS/EFTA-statane i EU-programmet om fellesskapstiltak for å stimulere sysselsetjinga (2002–2006)

*Tilråding frå Utanriksdepartementet av 1. november 2002,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Bakgrunn

Sysselsetningsprogrammet vart vedteke i EU 10. juni 2002 ved europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 1145/2002/EF om fellesskapstiltak for å stimulere sysselsetjinga. Føremålet med programmet er å fremje samarbeid og utveksling av informasjon om sysselsetningspolitikken.

Noreg tok del i EU-programmet om analyse, forsking og samarbeid på sysselsetnings- og arbeidsmarknadsrådet (1998–2000), jf. St.prp. nr. 95 (1998–99). Dette programmet vert no ført vidare av EU-programmet om fellesskapstiltak for å stimulere sysselsetjinga.

Det er opna for at EØS/EFTA-statane også kan ta del i det nye sysselsetningsprogrammet. Slik deltaking har som føresetnad at protokoll 31 i EØS-avtala blir endra. Ettersom ordninga går over fleire år, vil norsk deltaking gjere det naudsynt med løvingsvedtak, og det er difor naudsynt med samtykke frå Stortinget til deltaking i avgjerala i EØS-komiteen. Med sikte på at Noreg skal ta del i programmet så snøgt som råd, blir det lagt opp til at det blir innhenta samtykke frå Stortinget før det er teke avgjerd i EØS-komiteen. Avgjerala i EØS-komiteen er venta i januar 2003, men datoene kan verte endra.

Europaparlamets- og rådsavgjerala og utkast til avgjerd i EØS-komiteen i uoffisiell norsk omsetjing følgjer som trykte vedlegg til proposisjonen.

2 Nærmare om sysselsetningspolitikken til EU

Sysselsetningspolitikken til EU har heimel i artikkel 125–130 i Amsterdamtraktaten, som tok til å gjelde i 1999. Men alt på møtet i Det europeiske rådet hausten 1997 vart det fastsett å setje i verk sysselsetningsstrategien til EU, den såkalla Luxembourg-prosessen. Denne prosessen inneber at medlemsstatane fastset felles mål og retningslinjer, og rapporterer om gjennomføringa av sysselsetningspolitikken sin i årlege handlingsplanar. På grunnlag av Kommisjonen si gjennomgåing av handlingsplanane til medlemsstatane kan Rådet kome med tilrådingar om tilhøve som det meiner kan betrast i politikken til medlemsstatene.

Under møtet i Det europeiske rådet i Lisboa våren 2000 vart EU-statane samde om eit nytt strategisk mål for EU for det komande tiåret. Målet er å gjøre EU til den mest konkurransedyktige kunnskapsbaserte økonomien, med fleire og betre job-

bar og auka sosial samhørsle. Dette målet skal oppnåast gjennom tiltak innanfor ei rekke ulike politikkområde, der sysselsetningspolitikken har ei viktig rolle. Til saman er dette kjent som Lisboa-strategien. Målsetjingane for Lisboa-strategien på arbeidslivsområdet vert mellom anna følgde opp gjennom sysselsettingsstrategien.

Sysselsettingsstrategien er ikkje ein del av EØS-avtala, men område som vert omfatta av strategien, som til dømes arbeidskraftsmobilitet, arbeidsrett, likestilling og helse- og tryggleik på arbeidsplassen, er omfatta av EØS-avtala.

3 Nærmore om EU-programmet om fellesskapstiltak for å stimulere sysselsetjinga

Aktivitetane under sysselsettingsprogrammet skal medverke til gjennomføringa av sysselsettingsstrategien. Tiltak som kan finansierast gjennom programmet omfattar mellom anna:

- analyse og vurdering av utviklingstrekk og rammevilkår for sysselsetningspolitikken;
- tiltak som er til støtte for vurderinga til medlemsstatane av deira eigne handlingsplanar for sysselsetjing. Desse tiltaka omfattar mellom anna deltaking frå partane i arbeidslivet og lokale og regionale styresmakter i gjennomføringa av sysselsetningspolitikken;
- vurdering av verknadene av sysselsettingsstrategien, medrekna analyse av tilhøvet mellom sysselsetningspolitikken og den generelle økonomiske politikken, samt andre politikkområde;
- samle og dele røynsler frå medlemsstatane, medrekna utveksling av best mogleg praksis, for å utvikle politikken vidare ut frå dei røynsne som er gjorde;
- teknisk og vitskapleg arbeid for å utvikle felles kvalitative og kvantitative indikatorar, betring og utfylling av statistikkar som kan jamførast, referanse måling og utveksling av informasjon om best mogleg praksis;
- oppfølging av sysselsetningspolitikken til medlemsstatane, særleg gjennom Det europeiske senteret for observasjon av sysselsetjinga.

Under alle desse aktivitetane skal det rettast spesiell merksemrd mot grupper som er utsette i høve til deltaking i arbeidslivet. I tillegg skal det leggjast vekt på å sikre likestilling mellom kjønna, særleg med omsyn til like høve for kvinner og menn i arbeidslivet og med omsyn til å kunne kombinere arbeidsliv og familieliv.

Programmet skal forvaltas av ein eigen programkomité som skal gje nærmare retningslinjer for mellom anna utveljing av dei aktivitetane som skal få finansiell støtte og kriterium for publisering og spreiing av resultat.

Deltakinga i programmet er open for EØS/EFTA-statane gjennom EØS-avtala. I tillegg er deltakinga open for dei assosierte statane i Sentral- og Aust-Europa, for Kypros, Malta og Tyrkia og for andre middelhavsstatar som samarbeider med EU innanfor rammene av tilhøvet mellom EU og desse statane.

4 Konstitusjonelle tilhøve

Ettersom den norske deltakinga vil verte finansiert over eit tidsrom på fire år, må Stortinget gje samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen, jf. § 26 andre leddet i Grunnlova. Island og Liechtenstein har ikkje tilsvarande trøng for slike prosedyrar i denne saka. Ei avgjerd i EØS-komiteen kan ikkje ta til å gjelde for EØS/EFTA-statane før alle dei naudsynte meldingane om at konstitusjonelle prosedyrar er avslutta, er mottekne.

For å hindre at Noreg seinkar iverksetjinga av avgjerdene og gjere det mogleg for EØS/EFTA-statane å ta del i programmet så tidleg som råd, gjer Regjeringa framlegg om at Stortinget gjev sitt samtykke før avgjerdene er teken i EØS-komiteen, som eit samtykke til deltaking i avgjerdene i EØS-komiteen. Då vil det ikkje vere naudsynt å ta noko etterhald for konstitusjonelle prosedyrar ved vedtakkinga. Det er ikkje venta at utkastet til avgjerd i EØS-komiteen vil verte endra. Dersom den endelige avgjerdene skil seg vesentleg frå det utkastet som vert lagt fram i denne proposisjonen, vil saka verte lagd fram for Stortinget på nytt.

5 Avgjerd i EØS-komiteen

Med sikte på deltaking frå EØS/EFTA-statane i EU-programmet for å stimulere sysselsetningspolitikken vil EØS-komiteen vedta ei endring av artikkel 15 i protokoll 31 i EØS-avtala, slik at avtala òg omfattar det nye sysselsetningsprogrammet (2002–2006). I innleininga til utkastet til avgjerd vert det vist til artikkel 86 og 98 i EØS-avtala, som gjer det mogleg for EØS-komiteen å endre vedlegga og visse protokollar i avtala. Vidare vert det slått fast at avtalepartane skal utvide samarbeidet til å omfatte europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 1145/2002/EF av 10. juni 2002 om fellesskapstiltak for å stimulere sysselsetjinga.

Artikkkel 1 i utkastet slår fast at denne avgjerd vert teken inn i protokoll 31 artikkel 15 nr. 5 og nr. 8 i EØS-avtala.

Artikkkel 2 slår fast at avgjerd tek til å gjelde dagen etter at EØS-komiteen har fått den siste meldinga etter artikkel 103 nr. 1 i avtala.

Artikkkel 3 slår fast at avgjerd skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

6 Økonomiske og administrative konsekvensar

Programmet har eit budsjettoverslag på 55 mill. euro over femårsperioden. Avgjerd i EØS-komiteen vil innebere ei plikt for Noreg til å gje økonomisk støtte til programmet gjennom dei fire åra av programperioden som EØS/EFTA-statane tek del i. Overslaget for denne perioden er 50 mill. euro.

Dei operative programkostnadene er rekna ut i høve til BNP i kvar ein skild stat. Dette gjer det vanskeleg å rekle ut på førehand kor stor den nøyaktige summen vert frå år til år. Med utgangspunkt i budsjettoverslaget på 50 mill. euro vil støtta frå Noreg over fireårsperioden kome på om lag kr. 7 600 000, eller ein gjennomsnittleg kostnad på om lag kr. 1 900 000 per år. Utgiftene vil verte dekte over kap. 1594 post 21 i budsjettet til Arbeids- og administrasjonsdepartementet.

Deltakinga i programmet gjer det også mogleg å innplassere ein nasjonal ekspert i Kommisjonen. Det er vedteke at den nasjonale eksperten skal kome frå Noreg. Å dekkje løn og kostnader til denne eksperten vil vere ein del av medverknaden til dei administrative kostnadene. Dei vil også verte dekt over kap. 1594 post 21 i budsjettet til Arbeids- og administrasjonsdepartementet.

Deltakinga i programmet gjer det ikkje naudsynt med lov- eller forskriftsendringar.

7 Vurdering

Hovudmålet med avgjerd om å skipe eit program om fellesskapstiltak for å stimulere sysselsetjinga (2002–2006) er å støtte opp under sysselsetningsstrategien til Det europeiske fellesskapet. Målsetjingane i sysselsetningsstrategien til EU er i hovudsak samanfallande med norske mål på området. Særleg interessant er dei ulike prosessane i EU for utveksling av informasjon og god praksis, og utvikling av metodar og instrument for oppfølging og vurdering av strategien.

Det er nyttig for Noreg å ta del i programmet fordi det gjev norske styresmakter og organisjonar tilgang til den metode- og kunnskapsutviklinga som finn stad innanfor ramma av sysselsetningsstrategien til EU. Deltaking i programmet vil gjere det mogleg å ta del i utveksling av røynsler og god praksis på sysselsetningsområdet. Samstundes gjer deltakinga i programmet det mogleg for Noreg å synleggjere Noreg som aktør og samarbeidspartner i EØS-området. Arbeids- og administrasjonsdepartementet rår difor til at Stortinget gjev samtykke til at Noreg tek del i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming av EU-programmet om fellesskapstiltak for å stimulere sysselsetjinga (2002–2006) i EØS-avtala. Utanriksdepartementet sluttar seg til dette.

Utanriksdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om deltaking for EØS/EFTA-statane i EU-programmet om fellesskapstiltak for å stimulere sysselsetjinga (2002–2006).

Vi HARALD, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om deltaking for EØS/EFTA-statane i EU-programmet om fellesskapstiltak for å stimulere sysselsetjinga (2002–2006), i samsvar med eit framlagt forslag.

Forslag

til vedtak om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om deltaking for EØS/EFTA-statane i EU-programmet om fellesskapstiltak for å stimulere sysselsetjinga (2002–2006)

I

Stortinget gjev samtykke til at Noreg tek del i skapstiltak for å stimulere sysselsetjinga (2002–2006).
ei avgjerd i EØS-komiteen om deltaking for EØS/EFTA-statane i EU-programmet om felles-

Vedlegg 1

Avgjerd i EØS-komiteen nr. ... av ... om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om samarbeid på særlege område utanfor dei fire fridommane

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla «avtala», særleg artikkel 86 og 98, og

på følgjande bakgrunn:

1. Protokoll 31 til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. ... av ...¹.
2. Samarbeidet mellom avtalepartane bør utvidast til å omfatte europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 1145/2002/EF av 10. juni 2002 om fellesskapstiltak for å stimulere sysselsetjinga².
3. Protokoll 31 til avtala bør difor endrast for å gjere eit slikt utvida samarbeid mogleg frå 1. januar 2003.

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkkel 1

I protokoll 31 artikkel 15 i avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. Nr. 5 skal lyde:

«EFTA-statane skal ta del i fellesskapsverksamda som er nemnd i nr. 8 første strekpunkt frå 1. januar 1999, og i verksemda som er nemnd i andre strekpunkt frå 1. januar 2003.»

2. I nr. 8 skal nytt strekpunkt lyde:

- **32 001 D ...**: Europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 1145/2002/EF av 10. juni 2002 om fellesskapstiltak for å stimulere sysselsetjinga (TEF L...).»

Artikkkel 2

Denne avgjerdet tek til å gjelde dagen etter at EØS-komiteen har motteke den siste meldinga etter artikkel 103 nr. 1 i avtala³.

Artikkkel 3

Denne avgjerdet skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapene*.

Utført i Brussel, ...

For EØS-komiteen

Formann

...

Sekretærar for EØS-komiteen

...

¹ TEF L ...

² TEF L ...

³ [Forfatningsrettslege krav oppgjevne./Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.]

Vedlegg 2

Europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 1145/2002/EF av 10. juni 2002 om fellesskapstiltak for å stimulere sysselsetjinga

EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR –

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 129,

med tilvising til framlegget frå Kommisjonen¹, med tilvising til fråsegnar frå Økonomi- og sosialutvalet²,

med tilvising til fråsegnar frå Regionutvalet³, etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 251 i traktaten⁴, på grunnlag av det felles framlegget frå Forliksutvalet av 3. april 2002, ogut frå desse synsmåtane:

1. I artikkel 3 i traktaten er det fastsett at Fellesskapet i verksemda si skal fremje samordninga av sysselsetningspolitikken i medlemsstatane med sikte på å gjere han meir effektiv ved at det vert utarbeidd ein samordna sysselsetningsstrategi.

2. Under det ekstraordinære møtet til Det europeiske rådet i Luxembourg om sysselsetjing 20.–21. november 1997 vart det fastlagt ein overordna sysselsetningsstrategi, den europeiske sysselsetningsstrategien, som inneber ei samordning av sysselsetningspolitikken til medlemsstatane på grunnlag av felles retningslinjer for sysselsetjing (Luxembourg-prosessen), ei vidareføring og utvikling av ein samordna makroøkonomisk politikk og av ein verksam indre marknad, med sikte på å leggje grunnlaget for ein berekraftig vekst, ein ny dynamikk og eit tillitsskapande klima for å stimulere sysselsetjinga. Denne strategien omfattar òg ei meir systematisk mobilisering av all fellesskapspolitikk som skal fremje sysselsetjing,

både med omsyn til politiske rammer og støtte-tiltak.

3. Under møtet sitt i Lisboa 23.–24. mars 2000 vedtok Det europeiske rådet at det skal vere eit nytt strategisk mål for Unionen å skipe ein konkurransedyktig og dynamisk kunnskapsbasert økonomi som gjer det mogleg med ein vedvarande økonomisk vekst med fleire og betre arbeidsplassar og større sosial utjamning, slik at det på nytt vert mogleg å skape vilkår for full sysselsetjing. For dette føremålet vart det fastlagt ei rekke nye mål og standardverdiar for referanseområding som vart tekne inn som del av ein ny, open metode for samordning på alle plan, noko som saman med ei sterkare leiar- og samordningsrolle for Det europeiske rådet vil sikre ei meir samanhengande strategisk styring og ei meir verksam overvaking av dei resultata som vert oppnådde. Vidare vart det oppmoda om at vurderinga halvvegs i Luxembourg-prosessen bør føre til auka innsats ved at retningslinjene for sysselsetjing vert tilførde meir konkrete mål, noko som kan knyte dei tettare saman med politikken på andre relevante område.
4. Den europeiske sysselsetningsstrategien har ei særleg førememon ved at medlemsstatane samarbeider om sysselsetningspolitikken, samstundes som dei har høve til å gjere dei vedtaka som er mest føremålstenlege for deira eigne særskilte tilhøve. Ei anna førememon er at medlemsstatane lærer av dei røynslene som er gjorde i andre medlemsstatar, m.a. når det gjeld å trekke inn partane i arbeidslivet og lokale og regionale styresmakter.

5. Det europeiske rådet har fleire gonger fastlagt at det bør defineraast og samlast inn statistikkar og indikatorar om sysselsetjinga og arbeidsmarknaden som er pålitelege og kan jamførast.

6. Rådsavgjerd 2000/98/EF av 24. januar 2000 om skiping av Sysselsetningsutvalet⁵ tek sikte på å fremje samordninga mellom medlemsstatane

¹ TEF C 337 E av 28.11.2000, s. 242.

² TEF C 139 av 11.5.2001, s. 30.

³ TEF C 144 av 16.5.2001, s. 30.

⁴ Europaparlamentsfråsegn av 14. februar 2001 (TEF C 276 av 1.10.2001, s. 53), felles haldning frå Rådet av 25. juni 2001 (TEF C 301 av 26.10.2001, s. 14), og europaparlamentsavgjerd av 23. oktober 2001 (enno ikkje offentleggjord i TEF).

⁵ TEF L 29 av 4.2.2000, s. 21.

- på området sysselsetjings- og arbeidsmarknadspolitikk.
7. Rådsavgjerd 98/171/EF av 23. februar 1998 om verksemda til Fellesskapet med omsyn til analyse, forsking og samarbeid på sysselsetjings- og arbeidsmarknadsområdet⁶, der verksemda på dette området vart fastsett, slutta å gjelde 31.desember 2000.
 8. Denne avgjerdha bør innehalde føresegner om vidareføring og utvikling av den verksemda som vart sett i verk på grunnlag av avgjerd 98/171/EF. Ved gjennomføringa av den verksemda som er fastsett ved denne avgjerdha, bør Kommisjonen fullt ut ta omsyn til resultata av det programmet som vart gjennomført i medhald av avgjerd 98/171/EF.
 9. Dei tiltaka som er naudsynte for å gjennomføre denne avgjerdha, bør vedtakast i samsvar med rådsbeslutning 1999/468/EF av 28. juni 1999 om fastsettelse av nærmere regler for utøvelsen av den gjennomføringsmyndighet som er tillagt Kommisjonen⁷.
 10. I denne avgjerdha er det for heile det tidsrommet som verksemda varer, fastsett ei finansiell ramme som utgjer det viktigaste referansegrunnlaget for budsjettstyresmakta ved den årlege budsjetthandsaminga, slik det er definert i punkt 33 i den tverrinstitusjonelle avtala av 6. mai 1999 mellom Europaparlamentet, Rådet og Kommisjonen om budsjettdisiplin og betre budsjetthandsaming⁸ –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

Fastsetjing av verksemda til Fellesskapet

Verksemda til Fellesskapet med omsyn til analyse, forsking og samarbeid mellom medlemsstatane på sysselsetjings- og arbeidsmarknadsområdet skal gjennomførast i tidsrommet 1. januar 2002 – 31. desember 2006.

Artikkel 2

Prinsipp

1. Den verksemda som er nemnd i denne avgjerdha, er den som har direkte samanheng med gjennomføringa av avdeling VIII i traktaten.

2. Verksemda skal medverke til å nå dei nye strategiske måla som vart fastsette av Det europeiske rådet i Lisboa, som på nytt skal gjere det mogleg for Fellesskapet å skape vilkår for full sysselsetjing.

Artikkel 3

Mål

1. Målet med denne verksemda er:
 - a. å støtte ei samordna tilnærming til sysselsetjingspolitikken i Det europeiske fellesskapet innanfor det overordna målet om å auke sysselsetjingsprosenten, slik det vart fastsett av Det europeiske rådet i Lisboa,
 - b. å medverke til utviklinga av ein samordna strategi for sysselsetjing gjennom analyse av, overvaking av og støtte til tiltak som vert gjennomførde i medlemsstatane, samstundes som det vert teke omsyn til det ansvaret som medlemsstatane har på dette området,
 - c. å utvikle, følgje opp og evaluere den europeiske sysselsetjingsstrategien med særleg vekt på framtidsperspektivet,
 - d. å fremje samarbeidet mellom medlemsstatane når det gjeld analyse, forsking og overvaking av arbeidsmarknadspolitikken,
 - e. å identifisere best mogleg praksis og fremje utveksling og overføring av opplysningar og røynsler,
 - f. å utvikle tilnærminga til og innhaldet i den europeiske sysselsetjingsstrategien, medrekna ulike former for samarbeid med partane i arbeidslivet og relevante lokale og regionale styresmakter,
 - g. å gjennomføre ein aktiv opplysningspolitikk som stettar kravet frå ålmenta om klarleik, og som sannkjenner kor viktig det er å sikre at borgarane i Europa får fullgode opplysningar om alle sidene ved den europeiske sysselsetjingsstrategien. Dette kan særleg oppnåast gjennom målretta opplysningsstiltak som skal auke det allmenne medvitet om den europeiske sysselsetjingsstrategien, og ved å gjere sysselsetjingspakken, medrekna dei nasjonale handlingsplanane for sysselsetjing og vurderingane av dei slik dei er lagde fram i den felles rapporten om sysselsetjing, tilgjengeleg for ålmenta, særleg gjennom bruk av Internett.
2. Analysen som vert gjord innanfor rammene av denne verksemda, skal i størst mogleg grad vere kjønnsspesifikk.

⁶ TEF L 63 av 4.3.1998, s. 26.

⁷ TEF L 184 av 17.7.1999, s. 23.

⁸ TEF C 172 av 18.6.1999, s. 1.

Artikkel 4

Fellesskapstiltak

1. Med omsyn til dei prinsippa som er fastlagde i artikkel 2, og med sikte på å nå dei måla som er nemnde i artikkel 3, skal fellesskapstiltaka omfatte følgjande typar verksemد:
 - a. analyse og vurdering av tendensar innanfor sysselsetjinga og av politiske rammeverk; framtidsretta analysar av politikken på viktige område for Kommisjonen og medlemsstatane med sikte på vurdering av politiske val og for verknaden av fellesskapspolitikken; prognosar og forsking med omsyn til nye politiske spørsmål som vert reiste i samband med utviklinga av den samordna sysselsetningsstrategien,
 - b. støtte til det arbeidet som medlemsstatane gjer for å gje ei samanhengande og samordna vurdering av sine eigne nasjonale handlingsplanar for sysselsetjing, medrekna ulike måtar som partane i arbeidslivet og relevante lokale og regionale styresmakter har vore eller kan verte trekte inn i samband med gjennomføringa av planane; ved utgangen av det første tidsrommet for gjennomføring av dei årlege retningslinjene for sysselsetjing skal det i samsvar med Luxembourg-prosessen gjerast ei særskild vurdering,
 - c. ei kvantitativ og kvalitativ vurdering av dei allmenne verknadene av den europeiske sysselsetningsstrategien, medrekna ei effektivitetsvurdering av den metoden som er nytta, og ein analyse av samanhengen mellom den europeiske sysselsetningsstrategien og den overordna europeiske økonomiske politikken så vel som annan politikk,
 - d. ei samanføring og utveksling av røynsler mellom medlemsstatane, medrekna fagfellevurdering, både når det gjeld søylene og dei særskilte retningslinjene, slik det er definert i dei årlege retningslinjene for sysselsetjing i medlemsstatane. Eit slikt utvida samarbeid vil hjelpe medlemsstatane til å utvikle sysselsetningspolitikken sin i lys av dei røynslene som er gjorde,
 - e. overvakning av den europeiske sysselsetningsstrategien i medlemsstatane, særleg gjennom Det europeiske senteret for observasjon av sysselsetjinga,
 - f. teknisk og vitakapleg arbeid som er naudsynt for å fremje utviklinga av felles kvantitative og kvalitative indikatorar, for betre å utfylle statistikkane, for referanseområding av

resultat og for å utveksle opplysningar om best mogleg praksis,

- g. støtte til formannskapet for Rådet for Den europeiske unionen med sikte på å rette særleg merksemd mot prioriterte spørsmål innanfor den europeiske sysselsetningsstrategien og mot særlege tilskipingar som er viktige på internasjonalt plan, eller som er av allmenn interesse for Fellesskapet og for medlemsstatane.
2. Innanfor ramma av den verksemda som er nemnd i nr. 1, vil det verte retta særleg merksemd mot personar som er vanskelegstilte av fleire ulike årsaker, og som difor er hemma når det gjeld aktiv deltaking på arbeidsmarknaden. Dessutan bør det gjerast tiltak for å integrere prinsippet om likestilling mellom kvinner og menn, særleg når det gjeld like høve for kvinner og menn i samband med sysselsetjing og på arbeidsmarknaden, og når det gjeld høvet til å kombinere arbeids- og familieliv.
3. Ved gjennomføringa av dei tiltaka som er nemnde i nr. 1, skal Kommisjonen ta omsyn til statistiske opplysningar, granskinger og prosjektrapportar som er utarbeidde av internasjonale organisasjonar, t.d. Organisasjonen for økonomisk samarbeid og utvikling (OECD) og Den internasjonale arbeidsorganisasjonen (ILO).
4. Den verksemda som er nemnd i nr. 1, skal byggje på målet om å sikre eit høgt medvitsnivå om den europeiske sysselsetningsstrategien på alle geografiske plan i Den europeiske unionen, slik at ålmenta og interessegruppene, t.d. partane i arbeidslivet, lokale og regionale styresmakter og andre viktige lokale aktørar, medrekna aktørar innanfor frivillig og ideelt arbeid, vert medvitne om korleis dei kan betre dei økonomiske og sosiale utsiktene for deira eigne lokalsamfunn og få hjelp og støtte slik at dei kan nå dette målet.

Den verksemda som tek sikte på å fremje samarbeid, best mogleg praksis og nyskapande tiltak, å betre kunnskapen, å utvikle utvekslinga av opplysningar og å evaluere dei røynsle ne som vert gjorde ved gjennomføringa dei nasjonale handlingsplanan på alle plan, omfattar følgjande:

- a. granskinger av alle nyskapande tiltak og tiltak som gjeld gjennomføringa av sysselsetningsstrategien, også på lokalt og regionalt plan,
- b. utveksling av røynsler med sikte på å fremje best mogleg praksis, også på lokalt og regionalt plan,

- c. granskingsar av tiltak som skal oppmuntre aktørane på lokalt og regionalt plan til å gjennomføre den europeiske sysselsetningsstrategien,
- d. spreiling av resultata frå dei fornemnde granskingsane om gjennomføringa av den europeiske sysselsetningsstrategien, òg på lokalt og regionalt plan.

Artikkel 5

Resultat

Resultata frå den verksemda som er nemnd i artikkelen 4, skal nyttast eller offentleggjera alt etter kva type verksemd det dreier seg om, medrekna

1. rapporten om sysselsetjing i Europa og andre publikasjonar, arbeidsdokument og rapportar som skal leggjast fram for Rådet, Kommisjonen og Sysselsetningsutvalet, medrekna rapportar frå vurderinga av Luxembourg-prosessen slik det er nemnt i artikkelen 4 nr. 1 bokstav b),
2. nasjonale seminar i samband med utarbeidninga av dei nasjonale handlingsplanane for sys selsetjing, seminar om sysselsetningspolitikk eller tilrettelegging av viktige internasjonale til skipingar om prioriterte emne eller emne av stor allmenn interesse,
3. bruk av Internett-tjenester for spreiling av resultat (offentleggjering, diskusjonsgrupper og seminar på Internett) og som eit verktøy til å fremje samarbeid og utveksling av opplysnin gar.

Artikkel 6

Samanheng og komplementaritet

Kommisjonen skal gjere dei tiltaka som er nausyn te for å sikre at det er samanheng og at overlapping kan unngåast mellom dei tiltaka som skal gjennomførast innanfor ramma av denne avgjerd, og andre nærskyld og aktuelle fellesskapsprogram og -initiativ. I samband med dette vil det verte lagt stor vekt på å vurdere både positive og negative resultat av alle dei tiltaka som får støtte innanfor ramma av slike nærskyld program og initiativ, og på å sikre at dei røynslene som vert gjorde innanfor éitt område, i aukande grad vert nytta i samband med verksemd på andre område. For å nå dette målet skal Kommisjonen sikre at det finst interne samband med andre relevante fellesskaps program og – initiativ og med dei desentraliserte organa.

Artikkel 7

Deltaking for tredjestatar

1. Den verksemda som kan vere open for deltaking for statane i Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, for dei assosierte statane i Sentral- og Aust-Europa, for Kypros, Malta og Tyrkia og for andre middelhavsstatar som sam arbeider med Den europeiske unionen, skal fastleggjast innanfor rammene av tilhøvet mellom Den europeiske unionen og desse statane.
2. Utgiftene til slik deltaking som er nemnd i nr. 1, skal berast anten av dei statane som det gjeld, eller av Fellesskapet over dei budsjett postane som gjeld gjennomføring av samarbeids-, assosierings- eller partnarskapsavtaler med desse statane på det aktuelle området.

Artikkel 8

Gjennomføringstiltak

1. Dei tiltaka som er naudsynte for gjennomføringa av denne avgjerd med omsyn til dei spørsmåla som er nemnde nedanfor, skal vedtakast etter framgangsmåten med forvaltingsutval som er nemnd i artikkelen 9 nr. 2:
 - a. dei overordna retningslinjene for gjennomføring av verksemda og den årlege arbeidsplanen,
 - b. fordelinga av midlar mellom tiltaka,
 - c. framlegga frå Kommisjonen om utveljingskriterium for å få finansiell støtte,
 - d. kriteria for vurdering av verksemd som får slik støtte, og framgangsmåten for spreiling og overføring av resultata.
2. Dei tiltaka som er naudsynte for å gjennomføre denne avgjerd når det gjeld alle andre spørsmål, skal vedtakast etter framgangsmåten med rådgjevande utval som er nemnd i artikkelen 6 nr. 3.

Artikkel 9

Utval

1. Kommisjonen skal få hjelp av eit utval.
2. Når det vert vist til dette nummeret, skal artikkelen 4 og 7 i avgjerd 1999/468/EF nyttast, samstundes som det vert teke omsyn til føresegnene i artikkelen 8 i den nemnde avgjerd.
- Tidsrommet som er fastsett i artikkelen 4 nr. 3 i avgjerd 1999/468/EF, skal vere to månader.
3. Når det vert vist til dette nummeret, skal artikkelen 3 og 7 i avgjerd 1999/468/EF nyttast, sam

- stundes som det vert teke omsyn til føresegne-
ne i artikkel 8 i den nemnde avgjerd.
4. Utvalet fastset møteføreseggnene sine.

Artikkkel 10

Samarbeid med andre utval

For å sikre at det er samanheng og komplementaritet mellom denne verksemda og andre tiltak som er nemnde i artikkel 6, skal Kommisjonen jamleg melde frå til det utvalet som er nemnt i artikkel 9, om andre relevante fellesskapstiltak. Når det er føremålstenleg, skal Kommisjonen skipe eit jamleg og strukturert samarbeid mellom dette utvalet og utval som er oppnemnde i samband med annan relevant politikk og andre relevante ordningar og tiltak.

Artikkkel 11

Samband som skal skipast

Med etterhald for artikkel 8, 9 og 10 skal Kommisjonen skipe det sambandet som er naudsynt med Sysselsetjingsutvalet, for å sikre at dette utvalet jamleg og på høveleg måte får melding om gjennomføringa av den verksemda som er nemnd i denne avgjerd.

Innanfor ramma av den verksemda som er nemnd i denne avgjerd, skal Kommisjonen dessutan skipe det sambandet som er naudsynt, med Europaparlamentet og partane i arbeidslivet, og jamleg utveksle synspunkt med dei. For dette føremålet skal Kommisjonen gjere dei relevante opplysningane tilgjengelege for Europaparlamentet og partane i arbeidslivet. Kommisjonen skal melde frå til Sysselsetjingsutvalet og til det utvalet som er nemnt i artikkel 9, om synspunkta til Europaparlamentet og partane i arbeidslivet.

Artikkkel 12

Finansiering

- Den finansielle ramma for gjennomføringa av den fellesskapsverksemda som er nemnd i denne avgjerd, er 55 millionar euro for tidsrommet 1. januar 2002 – 31. desember 2006.
- Dei årlege løyvingane skal godkjennast av budsjettstyresmakta innanfor ramma av dei finansielle oversлага.

- Kommisjonen har høve til å nytte seg av så vel teknisk og/eller administrativ støtte, noko som både er til ymsesidig føremón for Kommisjonen og støttemottakarane, som av støtteutgifter.

Artikkkel 13

Vurdering og rapportering

- Kommisjonen skal identifisere ytingsindikatorar for verksemda, overvake dei mellombels resultata som vert oppnådde og gjennomføre uavhengige vurderingar i det tredje året (etter halve tida) og tidleg i det siste året (etter avsluttinga) av verksemda. I vurderingane skal det leggjast særleg vekt på kva resultat som er oppnådde og kor effektivt ressursane har vore nytta, og det skal gjevast tilrådingar med omsyn til tilpassingar og eventuell lenging av verksemda.
- Kommisjonen skal syte for at resultata av dei tiltaka som er gjorde, vert gjorde offentleg tilgjengelege saman med vurderingsrapportane.
- I lys av vurderingane kan Kommisjonen gjere framlegg om lenging av verksemda.
- Kommisjonen skal leggje fram for Europaparlamentet, Rådet, Økonomi- og sosialutvalet og Regionutvalet ein førebels rapport seinast 31. desember 2004 og ein sluttrapport seinast 31. desember 2007. I rapportane skal Kommisjonen innarbeide opplysningar om fellesskapsfinansieringa innanfor ramma av verksemda og om samanhengen og komplementariteten med andre relevante program, tiltak og initiativ, og dessutan dei relevante resultata av vurderingane.

Artikkkel 14

Iverksetjing

Denne avgjerd tek til å gjelde den dagen ho vert kunngjord i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Uferda i Luxembourg, 10. juni 2002.

For Europaparlamentet
P. COX
President

For Rådet
J. PIQUÉ I CAMPS
Formann



Grafisk produksjon: GCS web as – Oslo. November 2002